



Fitjar kommune  
v/ kommunedirektøren

5419 Fitjar

Fitjar, 21.09.2023

**Kommunal støtte til Fitjar kyrkje i 2024**

Soknerådet behandla sak om budsjett for 2024 på møte den 14.09.2023. Framlegget til budsjett inneber at Fitjar sokn søker kommunen om kr. 2.913.200 i tilskot for 2024.

**DRIFTSBUDSJETTET**

Budsjettet byggjer m.a. på desse føresetnadane:

1. Budsjettet er justert med Kommunal deflator som er sett til 4,5 % og 4,8% lønsvekst
2. Pensjonskostnader er budsjetterte i tråd med prognose frå KLP.
3. Satsane for gravfeste og andre inntekter på gravplassen vart auka frå 01.01.2022. For 2024 er det ikkje lagt opp til nye justeringar.
4. Soknerådet legg ikkje opp til at det skal gjennomførast større endringar i kyrkja sin aktivitet som rører ved behovet for kommunal driftstilskot i dette budsjettet.
5. For åra 2021 og 2022 vart det kommunale driftstilskotet til kyrkja redusert og kyrkja sitt disposisjonsfond måtte brukast for å få budsjettet i balanse. For 2024 er det ikkje budsjettert med bruk av disposisjonsfondet for drift av administrasjon, kyrkja og gravplassen. Kostnadsnivået er frå før svært nøkternt.

### **Tilsette i kyrkja**

I kyrkja er det løn til medarbeidarane som utgjer storparten av budsjettet. Tabellen nedanfor viser kva stillingar som var bemanna i kyrkjestaben for 2022 og 2023, og kva stillingar me har i 2024.

<b>Stilling</b>	<b>2024</b>	<b>2023</b>	<b>2022</b>	<b>2021</b>	<b>Merknad</b>
Kyrkjeverje	0,50	0,35	0,35	0,35	I 2024 er stillinga igjen 0,5 årsverk etter 4 års permisjon ism ordførarverv.
Kantor	0,65	0,65	0,65	0,65	
Kyrkjelydspedagog	0,90	0,80	0,80	0,80	Auka med 0,1 årsverk – finansiert v/ innsamla midlar
Kyrkjegardsarbeidar	0,50	0,50	0,50	0,50	
Vaktmeister/reinhaldar	0,30	0,30	0,30	0,30	
Kontormedarbeidar og administrativ ressurs for prestenesta	0,40	0,40	0,40	0,40	
Soknediakon	0,20				Ny oppretta stilling for 2 år – finansiert av soknerådet med innsamla midler (kyrkjelydsprestfondet / gjevarteneste)
<b>Sum</b>	<b>3,45</b>	<b>3,00</b>	<b>3,00</b>	<b>3,00</b>	
Klokkar på gudstenestene	(0,20)	(0,20)	(0,20)	(0,20)	Frivillig arbeid
Kyrkjetenar på sundagar	(0,20)	(0,20)	(0,20)	(0,20)	Frivillig arbeid

### **Kommentarar for dei ulike avdelingane i budsjettet**

#### **Administrasjon**

I avdelinga for administrasjon er det til saman 0,9 stillingsressurs. Frå oktober 2023 er kyrkjeverja tilbake i stillinga, etter 4 års permisjon i samband med ordførarverv. Stillingsprosenten er den same som før permisjonstida.

Kostnaden for tenesteavtalen med kommunen er ført opp med kr. 300.000.

Til administrasjon er det i budsjettframlegget lagt inn kr. 1.251.200 i kommunalt tilskot. Av dette vert kr. 300.000 betalt tilbake til kommunen for mellom anna kontorleige og IKT.

#### **Kyrkja**

Lønsmidlane som ligg inne i budsjettet for kyrkja går til kontor i 65 % stilling og fast tilsett reinhaldar / vaktmeister i 30 % stilling.

Klokkarteneste og storparten av arbeidet som kyrkjetenar vil verta gjort på dugnad, under føresetnad av at kommunalt tilskot tilsvarende lønnskostnad for denne tenesta kan overførast til arbeidet med trusopplæring (Jamfør avsnitt om trusopplæring nedanfor).

I 2022 vart heile kyrkja og tårnet malt utvendig med to strøk linoljemaling. Dette vart gjennomført av vaktmeister og dugnadsfolk. Kyrkja frå 1867 vert såleis halde i god stand utan store kostnader. Behovet for vedlikehald er likevel kontinuerleg og også for 2024 er det difor budsjettert med kr. 50.000 til vedlikehald.

Straumkostnader for kyrkja har vore høge i 2022 og 2023. Kyrkja har i 2022 og 2023 fått delvis kompensert for dette, ved ei eingongsløyving frå både stat og kommune. Det er usikkert om utgifter til straum for 2024, og om det vil koma fleire tilskot.

Dei tilsette har vore med å halda straumforbruket på eit minimum, slik at forbruket i 2022 til slutt var 27% lågare enn i 2021. Eit av tiltaka er lågare nattsinkingstemperatur i kyrkja. Frå hausten 2022 vart flaumbelysninga av kyrkja kobla ut. Framleis er det eit fokus på straumsparing.

Til drift av kyrkja er det i budsjettframlegget lagt inn kr. 1.142.500 i kommunalt tilskot.

### **Trusopplæring**

Trusopplæringa vert i utgangspunktet finansiert av øyremerkete inntekter frå staten via bispedømet. Det er talet på barn i soknet som avgjer kor stort tilskotet skal vera. For oss i Fitjar er tilskotet stort nok til å finansiera 40 % stilling som kyrkjelydspedagog, samt andre kostnader som knyter seg til trusopplæringa. All trusopplæring vert gjennomført etter den lokale trusopplæringsplanen «Båten», som er godkjent av bispedømerådet.

Sidan desember 2018 har det vore kyrkjelydspedagog i 80% stilling. Stillinga vert finansiert med trusopplæringstilskot frå stat og bispedømme, kommunalt tilskot og frivillige gåver.

Med berre ein prest i soknet, er denne heilt avhengig å ha hjelp for å driva eit godt konfirmant- og barne- og ungdomsarbeid. Soknerådet prioriterer dette arbeidet høgt. Difor har soknerådet vedtatt å bruka kyrkjelydsprestfondet og gjevarteneste til å auka stillinga med 10% frå 01.08.2023.

I budsjettframlegget for 2024 er det lagt inn kr. 220.000 i kommunalt tilskot til trusopplæring (jfr avsnitt om kyrkja (klokkar- og kyrkjetenar ovanfor)

### **Gravplassen**

Gravplassen i Fitjar står fram som velstelt og fin. Det er me stolte av og her vil me ikkje slakka av på kvaliteten. På bakgrunn av dette har me lagt opp til å halda drifta av kyrkjegarden på same nivå som tidlegare. Til drifta av kyrkjegarden er det lagt inn 50 % stilling som kyrkjegardsarbeidar. I tillegg vert det leigd inn ekstra hjelp om sommaren. Drifta av kyrkjegarden vert finansiert med inntekter frå festeavgift og kommunalt tilskot. Kyrkja får òg regelmessig hjelp av frivillige til å stella kyrkjegarden, og kvart år vert det registrert mange dugnadstimar. I 2023 var det ekstra utgifter til trepleie. Dette er eit kontinuerleg vedlikehald, som delvis kan gjerast av kyrkjegardsarbeidar, men som kan krevja innleige av fagfolk.

I 2019 vart koleragravplassen sett i stand av Fitjar kommune. Det er både ein vigsla gravplass og kulturminne som kyrkja har ansvar for. Etter avtale med kommunen utfører kyrkjegardsarbeidar noko av vedlikehaldet.

Fram til 2022 har kyrkja disponert eige gravemaskin til bruk ved gravferd. Den gamle maskinen havarerte i 2022 og ein er f.t. avhengig av leige av maskin ved gravferd. Til dette formålet er det sett av 50.000 i budsjettet for 2024. Dette er ei mellombels løysing så lenge gravplassen ikkje har eigen gravemaskin.

Soknerådet har vedteke å vidareføre satsane for festeavgift og andre inntekter på gravplassen som i 2022:

Festeavgift pr. år	250
Reservering av grav	4.000
Seremoni i kyrkja for utanbygds og ikkje-medlemer	4.000
Gravlegging utanbygds, kistegrav	8.000
Gravlegging utanbygds, urnegrav	4.000

Til drift av gravplassen er det i budsjettframlegget for 2024 lagt inn kr. 440.500 i kommunalt tilskot.

### **Anna kyrkjeleg verksemd**

Avdelinga for anna kyrkjeleg verksemd omfattar deler av kyrkja sitt arbeid som kommunen i utgangspunktet ikkje er forplikta til å finansiera. Her ligg det m.a. inne arrangement i soknet sin regi utanom gudstenester og kyrkjelege handlingar, samt kollektar til kyrkjelyden sitt eige arbeid og til andre føremål der kollekten vert sendt vidare.

### **Ungdomsarbeid**

Budsjettet for kyrkja sitt ungdomsarbeid omfattar for det meste konfirmantarbeidet. Soknerådet ynskjer at alle konfirmantane i tillegg til ordinær konfirmantførebuing, skal få høve til å delta på felles opplevingar, som tur og konfirmantfestival. For at eigendelen som foreldra betalar for konfirmantførebuinga ikkje skal vera for høg, vil kyrkja sjølv vera med å gje stønad. Eigenbetalinga er for konfirmantåret 2023-2024 sett til kr. 2.000. Midlane skal mellom anna også dekkje mat på samlingar, konfirmantfest med foreldre og konfirmantbilette.

Til ungdomsarbeid er det lagt inn kr. 20.000,- i kommunalt tilskot til kjøp av undervisningsmateriell til bruk i konfirmantarbeidet.

### **Kyrkjeblad**

Fitjar kyrkjeblad kjem som regel med seks utgåver kvart år. Bladet vert finansiert med annonseinntekter og gåver.

### **Diakoni**

Kyrkja sitt frivillige diakoniarbeid utgjer ein viktig del av det totale omsorgstilbodet i Fitjar. Kostnadane med arbeidet vert dekkja inn ved hjelp av eigenbetaling for turar og andre arrangement, samt kollektar og gåver.



## **IINVESTERINGSBUDSJETT FOR 2024-2027 ER LAGT VED SOM SEPARAT DOKUMENT.**

Fleire detaljar om kyrkja sitt budsjettframlegg er å finna i det vedlagte talmaterialet. Ta kontakt med kyrkjeverja om det skulle vera spørsmål eller kommentarar.

Me håpar på ei positiv behandling av søknaden.

Med venleg helsing

Jan Overweg  
Kyrkjeverje / dagleg leiar



Svein Lunde  
soknerådsleiar




## DEN NORSKE KYRKJA

Fitjar sokn

## BUDSJETT 2024

## Fitjar sokneråd

Kontogruppe	Rekneskap 2022	Teneste	Budsjet 2024	Kyrkjeleg administrasjon	0421	0423	0430	0440	0441	0442	0443	0422
		Budsjett 2023			Fitjar kyrkje	Trusopplæring	Kyrkjegardar	Anna Kyrkjeleg verksemd	Ungdomsarbeid	Kyrkjeblad	Diakoni	Diakon
Lønskostnadar	2 598 362	2 388 800	2 893 500	768 000	819 000	707 500	456 000					143 000
Kjøp av varer og tenester	969 653	1 146 050	1 232 700	178 200	333 500	89 500	279 500	53 000	90 000	87 000	110 000	12 000
Refusjonar og overføringar	462 652	280 000	300 000	300 000								
Mva.		200 000	202 000	30 000	70 000	10 000	40 000	5 000	10 000	20 000	15 000	2 000
Tilskot og gáver til andre	265 853	210 000	260 000					260 000	0			
<b>Sum utgifter</b>	<b>4 296 520</b>	<b>4 224 850</b>	<b>4 888 200</b>	<b>1 276 200</b>	<b>1 222 500</b>	<b>807 000</b>	<b>775 500</b>	<b>318 000</b>	<b>100 000</b>	<b>107 000</b>	<b>125 000</b>	<b>157 000</b>
Brukarbetaling	-609 730	-455 000	-487 000		-10 000	0	-292 000		-55 000	-50 000	-80 000	
Mva. ref.		-200 000	-202 000	-30 000	-70 000	-10 000	-40 000	-5 000	-10 000	-20 000	-15 000	-2 000
Andre refusjonar	-611 678	-320 000	-340 000	0		-340 000						0
Rammeoverføring kommune	-2 417 950	-2 677 850	-3 044 200	-1 221 200	-1 142 500	-220 000	-440 500		-20 000			0
Interne overføringar												0
Andre tilskot / innsamla midlar	-651 477	-486 000	-612 000			-100 000		-370 000	-15 000	-37 000	-25 000	-65 000
Ekstraordinær inntekt	-97 010											
<b>Sum inntekter</b>	<b>-4 387 845</b>	<b>-4 138 850</b>	<b>-4 685 200</b>	<b>-1 251 200</b>	<b>-1 222 500</b>	<b>-670 000</b>	<b>-772 500</b>	<b>-375 000</b>	<b>-100 000</b>	<b>-107 000</b>	<b>-120 000</b>	<b>-67 000</b>
Utbytte		-10 000	-10 000	-10 000								
Finansinntekter		-6 000	-18 000	-15 000			-3 000					
Finanskostnadar												
<b>Sum finans</b>	<b>-26 876</b>	<b>-16 000</b>	<b>-28 000</b>	<b>-25 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-3 000</b>					
Avskrivningar	285 610	300 000	300 000		150 000		150 000					
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>-118 201</b>	<b>70 000</b>	<b>175 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>137 000</b>	<b>0</b>	<b>-57 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>5 000</b>	<b>90 000</b>
Bruk av fond	-54 288	-70 000	-225 000			-80 000	-50 000				-5 000	-90 000
Avsetjing til fond	172 489	0	50 000				50 000					
Overført til investeringsrekneskapan												
<b>Rekneskapsmessig meir- / mindreforbr</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>57 000</b>	<b>0</b>	<b>-57 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>



09. 2023

<b>Kyrkjeleg administrasjon</b>					
Budsjett 2024					
		<b>Budsjett 2024</b>	<b>Budsjett 2023</b>	<b>Rekneskap 2022</b>	<b>Rekneskap 2021</b>
10100	Løn i faste stillingar	560 000	434 000	566 513	398 770
10202	Løn vikar fødselspermisjon	0	0	0	7 469
10204	Anna vikarløn	0	0	0	0
10300	Løn ekstrahjelp	0	0	1 017	2 672
10803	Møtegodtgjersle	37 000	37 000	26 650	36 150
10900	Pensjon	81 000	64 000	70 531	84 473
10908	Gruppeliv/ulukkesforsikring	1 000	3 300	940	3 100
10990	Arbeidsgjevaravgift	89 000	71 000	78 895	72 086
11000	Kontorrekvisita	3 500	3 500	2 335	495
11001	Abonnement avis, tidsskrift, faglitteratur	5 700	5 000	5 234	6 020
11003	EDB-utgifter variabelt	0	1 000	0	0
11100	Lærebøker, undervisn.matr., dåpsmatr., brosjyrar	0	1 000	0	0
11201	Velferdstiltak, gåver o.l. (internt)	2 000	2 000	2 268	1 789
11202	Mat og serveringsutgifter	2 500	2 000	4 951	1 438
11207	Forbruksmateriell	2 500	4 000	544	5 411
11209	Kjøp av andre varer og tenester	0	0	0	0
11301	Gebyr bank	1 000	1 000	1 138	1 014
11302	Telefon og datakommunikasjon	2 500	3 000	2 126	2 453
11400	Lysingar	0	1 000	0	0
11402	Trykkeriutgifter	0	2 500	0	0
11403	Representasjon, gåver o.l. (eksternt)	1 000	1 000	0	1 485
11500	Kurs og etterutdanning	4 000	1 000	591	0
11600	Skyssgodtgjerdslse	1 000	1 000	266	0
11608	Opphaldsutgifter	1 500	1 500	0	0
11655	Personalforsikring	3 000	2 000	2 490	1 888
11709	Andre reiseutgifter	1 000	1 000	0	0
11853	Person/ yrkesskadeforsikring	2 500	1 000	346	6 953
11900	Husleige, leige av lokale	0	1 000	0	0
11951	Kontingentar	27 000	25 000	24 563	17 980
11952	Driftsavtalar EDB program (fast utgift)	32 000	30 000	26 731	26 133
11953	Kopieringsavtale	6 500	6 200	5 972	5 825
11959	Andre avgifter og gebyrer	5 000	5 000	4 037	11 433
12000	Innbu, utstyr m.m.	2 000	2 000	543	1 654
12003	EDB-utstyr og program	2 000	2 000	2 010	0
12701	Revisjon	70 000	75 000	74 900	55 000
13700	Refusjon til andre	300 000	280 000	275 508	275 508
14290	Moms generell kompensasjonsordning	30 000	30 000	27 624	22 868
15001	Forsinkelsesrenter	0	0	200	-5
15400	Avsetning til ubundne fond	0	0	58 921	38 802
17000	Refusjon frå stat og bispedøme	0	0	0	0
17101	Refusjon fødselspermisjon	0	0	-89 307	-32 583
17103	Ref. feriepengar fødselspengar	0	0	-1 210	-3 327
17290	Refusjon for MVA påløpt i driftsrekneskapet	-30 000	-30 000	-27 624	-22 868
17300	Refusjonar frå kommune/komm.institusjonar	0	0	0	-2 000
17700	Refusjon frå private	0	0	-1 558	-1 295
18300	Rammetilskot frå kommunen (Jfr. kyrkjelova)	-1 221 200	-1 036 000	-884 750	-851 700
18900	Overføring frå andre	0	0	-97 011	0
19000	Renteinntekter	-15 000	-4 000	-13 089	-3 423
19050	Aksjeutbytte	-10 000	-10 000	-11 457	-4 000
19400	Bruk av ubundne disp.fond	0	-20 000	0	0
	<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>141 838</b>	<b>167 669</b>

<b>Fitjar Kyrkje</b>					
<b>Budsjett 2024</b>					
		<b>Budsjett 2024</b>	<b>Budsjett 2023</b>	<b>Rekneskap 2022</b>	<b>Rekneskap 2021</b>
10100	Løn i faste stillingar	594 000	562 000	562 283	525 615
10204	Anna vikarløn	0	0	0	0
10300	Løn ekstrahjelp	25 000	13 000	14 079	7 363
10506	Tillegg ubekvem arbeidstid	10 000	0	7 153	2 647
10507	Køyregodtgjerdse trekkpliktig	0	1 500	1 740	1 740
10900	Pensjon	88 000	82 000	82 933	92 454
10908	Gruppeliv/ulukkesforsikring	2 000	2 000	1 598	1 457
10990	Arbeidsgjevaravgift	100 000	93 000	94 482	89 010
11001	Abonnement avis, tidsskrift, faglitteratur	0	0	895	0
11100	Lærebøker, undervisn.matr., dåpsmatr., brosjyrar	0	0	2 156	0
11104	Gåver v. dåp/vigsel/diakoni (kyrkjebok,bibel,bloma	2 500	2 500	1 047	2 094
11200	Vin, oblatar, alterdekorasjonar, blomar og lys	16 000	15 000	14 383	13 039
11202	Mat og serveringsutgifter	3 000	3 000	967	724
11207	Forbruksmateriell	5 000	4 000	10 356	3 403
11209	Kjøp av andre varer og tenester	15 000	3 500	11 513	2 932
11400	Lysingar	1 000	1 000	736	2 377
11500	Kurs og etterutdanning	5 000	0	3 118	0
11655	Personalforsikring	3 500	3 000	3 128	2 852
11800	Straum	130 000	130 000	107 008	126 940
11850	Forsikring av bygg, anlegg, utstyr	45 000	40 000	31 210	30 126
11950	Eigedomsavgifter	17 000	15 000	15 931	10 138
11952	Driftsavtalar EDB program (fast utgift)	0	0	0	5 057
11959	Andre avgifter og gebyrer	20 000	13 000	18 323	16 645
12000	Innbu, utstyr, notar, konfirmantkapper o.l.	5 000	10 000	1 371	4 001
12002	Teknisk utstyr, notar, konfirmantkapper m.m.	6 000	7 000	4 932	4 071
12300	Vedlikehald bygningar	5 000	5 000	0	0
12302	Vedlikehald tekn.utstyr / maskinar	5 000	5 000	0	4 458
12304	Vedlikeh.innbu/utstyr (piano,orgel, EDB,tlf..)	5 000	5 000	0	2 277
12401	Årskontrollavtale for brannsløkkjeutstyr	4 500	4 500	3 135	4 602
12500	Matr. til vedlikehald bygningar	40 000	40 000	45 748	0
14290	Moms generell kompensasjonsordning	70 000	70 000	60 310	37 260
15400	Avsetning til ubundne fond	0	0	0	2 000
15900	Avskrivningar	150 000	150 000	168 611	168 611
16200	Avgiftsfritt sal	0	0	0	-2 000
16300	Utleige av kyrkjer	-10 000	-10 000	-2 000	0
17290	Refusjon for MVA påløpt i driftsrekneskapet	-70 000	-70 000	-60 310	-37 260
18000	Statstilskot	0	0	-45 000	0
18300	Rammetilskot frå kommunen	-1 142 500	-1 000 000	-937 000	-872 904
18700	Tilskot/gåver frå andre	0	0	-18 751	0
19400	Bruk av ubundne disp.fond	0	-50 000	0	0
19900	Motpost avskrivningar	-150 000	-150 000	-168 611	-168 611
	<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>37 473</b>	<b>83 118</b>





<b>Kyrkjegardar</b>					
<b>Budsjett 2024</b>					
		<b>Budsjett 2024</b>	<b>Budsjett 2023</b>	<b>Rekneskap 2022</b>	<b>Rekneskap 2021</b>
10100	Løn i faste stillingar	244 000	231 000	263 974	221 631
10201	Ferievikar	0	0	0	0
10204	Anna vikarløn	0	0	0	0
10300	Løn ekstrahjelp	105 000	95 000	98 813	50 382
10507	Køyregodtgjerdslø trekkpliktig	0	0	0	0
10900	Pensjon	50 000	47 000	49 706	43 536
10908	Gruppeliv/ulukkesforsikring	1 000	1 000	1 081	846
10990	Arbeidsgjevaravgift	56 000	53 000	58 353	44 612
11003	EDB-utgifter variabelt	0	0	0	365
11203	Arbeids- og verneklær	2 500	2 000	2 409	0
11207	Forbruksmateriell	20 000	15 000	19 682	12 574
11209	Kjøp av andre varer og tenester	50 000	45 000	61 300	12 620
11302	Telefon og datakommunikasjon	10 000	10 000	8 740	8 323
11500	Kurs og etterutdanning	3 000	3 000	8 892	0
11600	Skyss/kostgodtgjersle	1 000	1 000	2 104	0
11655	Personalforsikring	2 500	2 000	2 116	1 656
11702	Drift av transportmidlar (drivstoff til bil o.l.)	3 000	3 000	1 824	2 666
11703	Årsavgift / forsikring (bil, traktor o.l.)	4 000	3 500	3 515	0
11850	Forsikring av bygg, anlegg, utstyr	3 000	3 000	2 722	2 617
11905	Festeavgift	3 500	3 500	3 033	3 033
11950	Eigedomsavgifter	15 000	15 000	13 919	27 105
11951	Kontingentar	2 000	2 000	1 804	1 750
11952	Driftsavtalar EDB program (fast utgift)	16 000	15 000	14 390	17 940
11959	Andre avgifter og gebyrer	0	0	101	0
12000	Innbu, utstyr, notar, konfirmantkapper o.l.	0	0	1 067	0
12001	Kontorinventar og utstyr	1 000	1 000	0	0
12002	Teknisk utstyr, verkøy, kommunikasjonsutstyr o.l.	15 000	15 000	9 754	14 431
12200	Kjøp av maskinar	15 000	15 000	0	27 288
12300	Vedlikehald bygningar	5 000	5 000	0	0
12301	Vedlikehald uteareal / kyrkjegard	50 000	50 000	0	14 192
12302	Vedlikehald tekn.utstyr / maskinar	5 000	5 000	5 222	1 903
12500	Matr. til vedlikehald bygningar	10 000	10 000	1 099	0
12501	Matr. til vedlikehald uteareal/kyrkjegard	10 000	10 000	0	3 090
12502	Matr. til vedlikehald tekn.utstyr/maskinar	8 000	7 850	2 467	318
12503	Matr. til gravstell/legatgraver	25 000	25 000	20 064	19 064
14290	Moms generell kompensasjonsordning	40 000	40 000	36 266	61 470
15503	Avsetning til andre bundne fond	50 000	0	113 568	26 315
15900	Avskrivningar	150 000	150 000	116 999	143 580
16106	Festeavgift	-200 000	-200 000	-214 196	-194 000
16107	Gravlegging utanbygds	-30 000	-20 000	-38 000	-19 000
16108	Gravstell	-12 000	-10 000	-10 400	-9 900
16200	Avg.fritt sal	0	0	-62 802	0
16201	Stell av graver / legat	-50 000	-40 000	-111 038	-26 000
17290	Refusjon for MVA påløpt i driftsrekneskapet	-40 000	-40 000	-36 266	-61 470
18300	Rammetilskot frå kommunen (Jfr. kyrkjelova)	-440 500	-421 850	-375 950	-360 696
19000	Renteinntekter	-3 000	-2 000	-2 530	-315
19400	Bruk av ubundne driftsfond	0	0	0	0
19500	Bruk av bundne driftsfond	-50 000	0	-54 288	-46 550
19900	Motpost avskrivningar	-150 000	-150 000	-116 999	-143 580
	<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-97 487</b>	<b>-98 205</b>









<b>Diakon/diakonimedarbeidar</b>		
Budsjett 2024		
		<b>Budsjett 2024</b>
10100	Løn i faste stillingar	108 000
10900	Pensjon	16 000
10908	Gruppeliv/ulukkesforsikring	1 000
10990	Arbeidsgjevaravgift	18 000
11202	Mat og serveringsutgifter	5 000
11207	Forbruksmateriell	2 500
11209	Kjøp av andre varer og tenester	2 500
11600	Skyss/kostgodtgjersle	1 000
11655	Personalforsikring	1 000
14290	Moms generell kompensasjonsordning	2 000
16900	Fordelte utgifter	0
17000	Refusjon frå stat og bispedøme	0
17290	Refusjon for MVA påløpt i driftsrekneskapet	-2 000
18300	Rammetilskot frå kommunen	0
18607	Offer/innsaml. til diakon	-10 000
18701	Gåver gjevarteneste	-50 000
18700	Tilskot/gåver frå andre	-5 000
19500	Bruk av bundne driftsfond	-90 000
	<b>Sum</b>	<b>0</b>



## **INVESTERINGSBUDSJETT FOR FITJAR SOKN 2024-2027**

Soknerådet i Fitjar sokn har dei siste åra gjort vedtak om å arbeida vidare med følgjande investeringsprosjekt: Nye kistegraver, minnelund, vognskjul, flombelysning og universell utforming. Detaljarbeidet går føre i utval for bygg- og anlegg der kyrkjeverje er leiar. Investeringsbehovet er fordelt på gravplassen og kyrkja.

### **GRAVPLASSEN**

#### **1 Nye graver**

Kyrkja har fått utarbeida ein langsiktig plan for arealbruk, investeringsbehov og andre tiltak på gravplassen, herunder gjenbruk av gamle gravfelt. Planen er eit godt verktøy for både kyrkja og kommunen når det gjeld å sjå kva investeringsbehov det er på gravplassen fram til 2030. I planen var det lagt opp til at arbeidet med å fornya det første gravfeltet (felt D) måtte gjennomførast i 2020. Det nye gravfeltet ville ha ein kapasitet på 135 graver. Våren 2020 har fylkesarkeologane kome med innvendingar mot planane, da deler av D-feltet som høyrar til den gamle middelalderkyrkjegarden er freda. Ein legg no opp til at deler av feltet blir brukt utan heving av terrenget. Feltet med ca 100 nye graver må gjerast klar til bruk snarast. Det gjenstår arbeid med å sikra tilstrekkeleg drenering, og utjamning av toppsjiktet.

2024-25 fullføring av resterande arbeid  
Sum 2024-2025 kr. 400.000

#### **2 Minnelund**

Arbeidet med planlegging av ein minnelund for stellfrie urnegraver har gått på fram og er planlagt gjennomført i 2024/2025. Dette er eit tilbod som mange etter kvart har ynskje om skal finnast på ein gravplass. Øvst ved L-feltet har me eit område som er godt eigna for dette føremålet. Område er tilbaketrekt og vil innby til refleksjon både i samband med seremoniar og besøk på kyrkjegarden elles. Det vil verta lagt til rette for ca. 100 urnegraver på denne minnelunden med moglegheit for utviding. Det er utarbeida detaljerte skisser.

2024 kalkyle 80.000 + 2025 arbeid 250.000  
Sum 2024-2025 kr. 330.000



### **3 Vognskjul**

Det er opparbeida nytt parkeringsområde ved kyrkjegardshuset for å tilby gode parkeringstilhøve for rørsle- og funksjonshemma. Området er godt motteke og mykje brukt både i samband med kyrkjelege arrangement og som ein offentleg P-plass. Som ein del av planen for å etablere dette området er det tenkt etablert nytt område for drift. Vognskjulet skal ha funksjonar som garasje, masselager, verkstad, spyleplass etc. Prosjektet er under planlegging med forprosjekt / kalkyle i Q4 2023. Dette er ein del av den langsiktige utviklinga av arealet kring kyrkjebygget. Forprosjekt/kalkyle Det er utarbeida skisser.

2024 Grunnarbeid, VA og Elektro kr. 300.000 + 2025 Bygningsmasse kr. 200.000  
Sum 2024-2025 kr. 500.000

### **KYRKJA**

#### **1 Flombelysning kyrkja**

Rundt 1990 vart det etablert flomlysanlegg for kyrkjebygget. I samband med svært høge energiprisar vart anlegget skrudd av i 2022. Grunna at anlegget er svært lite energiøkonomisk å drifte er det ikkje aktuelt å sette dette i drift att. Det er frå fleire hald ynskje om at flomlys på nytt skal etablerast for å markere den flotte kyrkja vår som ein del av Fitjar sentrum. Det er intensjonen å etablere eit nytt anlegg som vil vere energiøkonomisk og ha eit oppdatert design som tek omsyn til persontrafikk også på kveldstid.

Sum 2026 kr. 450.000

#### **2 Universell utforming**

Kyrkja har i dag godkjent inngang for rullestol-brukarar, men praktisk bruk av denne opplevast av mange ueigna då den nyttar fremre inngong, som eigentleg er klassifisert som naudutgang. Det er utarbeida skisser for ei større ombygging av kyrkja sitt inngangsparti. Som eit første byggesteg ynsker ein å kunne forsere ei slik fornying ved å langt tidlegare få etablert trygg og enkel tilkomst til kyrkja ved å etablere heis. Elles inngår planer for HC-toalett. og flytting av bårerom til kyrkjegardshuset. Til dette er det utarbeidd skisser som vart presentert for formannskapet i 2021.


2025 Forprosjekt kr. 100.000 + 2026 Detaljprosjektering kr. 200.000 + 2027 Byggearbeid  
2.000.000.  
Sum 2025-2027 kr. 2.300.000

## OVERSIKT INNVESTERING 2024-2027

	2024	2025	2026	2027
Gravplassen - Anleggsarbeid felt D - nye graver	200.000	200.000		
Etablering av Minnelund	80.000	250.000		
Vognskjul på gravplassen	300.000	200.000		
Flombelysning av kyrkja			450.000	
Universell utforming kyrkja		100.000	200.000	2.000.000
<b>Sum</b>	<b>580.000</b>	<b>750.000</b>	<b>650.000</b>	<b>2.000.000</b>

Fitjar, 21. september 2023

Jan Overweg  
Kyrkjeverje / dagleg leiar



Svein Lunde  
soknerådsleiar